

Maktar idrettslaget å eiga to anlegg?

16.01.2010



Heio - med regnboge over. (Foto: Tor Edward Taranger)

Maktar Uskedal idrettslag å eiga to anlegg?

Det er Kjell Yri som stillar dette spørsmålet framfor årsmøtet. Her er artikkelen hans:



[Grusbana - kva skal skje med ho? \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Maktar Uskedal idrettslag å eiga to anlegg?

Uskedal idrettslag skal snart halda årsmøte og mellom anna handsama ei sak om salg av tomtar mellom Geilo og grusbanen. Eg likar ikkje å motsei nye idéar, lanserte av unge folk som har teke på seg oppgåver i idrettslaget. Men eg vil i alle fall kommentera denne saka. Harald Sunde la isi tid ned eit stort arbeid for å sikra areal til idrettsanlegg.

Etter kvart fekk han grunneigarane med på tanken, og dei selde grunn til idrettsføremål. Grunnen er regulert til idrettsanlegg/offentleg område. Vi bør ikkje omregulera frå offentleg område til bustad. Grunnen for dette er at vi har svært lite offentleg areal i Uskedalen. Området det her er snakk om vert nytta av barnehage og skule kvar einaste dag.

For å få godkjent Aktivitetshuset, måtte vi ha eit stort parkeringsareal. Heile arealet som idrettslaget i dag eig, er bandlagt som parkeringsområde for Aktivitetshuset. Området mellom Geilo og grusbanen er svært smalt. Frå midten av Geilo og til grunnmur må det vera minst 6 meters avstand. Då vert det så smalt at ein må inn på grusbanen for å byggja hus. Vi fekk spelemidlar til grusbanen og då har ein bunde seg i 40 år. Må vi då betala tilbake?

For meg vert salg av deler av grusbanen som å bruka opp eigenkapitalen. Ein kapital som er opparbeidd av eldsjeler og slitarar over mange år.

Både idrettslaget og Aktivitetshuset treng pengar – nye idéar er nødvendige.

Tidene forandrar seg. Slik det er no, er det vanskeleg å få eldsjeler som tek på seg dugnadsoppgåver. Spesielt når ein skal ha ansvar i lang tid. Kanskje er det for mykje for Uskedal idrettslag å eiga og driva både grusbane og grasbane? Idrettslaget har 2 anlegg som ikkje er i tilfredstillande stand.

Eg meinat tida er inne for at årsmøtet i Uskedal idrettslag tek stilling til om det er nødvendig med både grusbane og grasbane. Eller kanskje er dette ei så stor sak at ein burde arrangert eit bygdamøte?

Til sist vil eg rosa dei som tek på seg ansvar for å føra idrettslag og Aktivitetshuset vidare. For heile bygda – både ung og gammal, er desse to umåteleg viktige for å betra helse og trivsel.

Kjell Yri